

ETNE KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: måndag 9. februar 2015
Tid: kl. 13.00
Sted: Etne tinghus, formannskapssalen

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977/ e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at vara medlem kan bli innkalla. Sakskartet vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

SAKLISTE:

01/15 Godkjenning av protokoll frå møte 10.11.14

02/15 Referat- og orienteringssaker 09.02.15

03/15 Årsmelding for kontrollutvalet 2014

04/15 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt

Eventuelt

Aksdal, 02.02.15

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar (sign.)



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(til orientering)
	Varamedlem	(til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	09.02.15	01/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10.11.14

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 10.11.14

Saksorientering:

Protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 10.11.14 følgjer vedlagt. Protokollen er lest gjennom og godkjent av leiar i etterkant av møtet og over sendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 10.11.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 02.02.15



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 10. november 2014 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – 15.30
MØTANDE MEDLEMER:	Ståle Tungesvik (Sp), Elisebeth Aasheim (Ap), Ivan Kaldheim (H), Trude Enge (Frp) til 15.00 og Lars Ebne (Krf)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Randi Torbjørnsen - KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Elling Hetland og leiar økonomi Vegard Bang i sakene 20-24/14, rektor Kjell Ingvald Matre, ass. rektor Erling Askeland og rådgjevar Dagfinn Garnes Johnsen i sak 22/14
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 20/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22.09.14

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 22.09.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.14:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.14:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 22.09.14 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 21/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.11.14

Sekretariatet si innstilling:

- 20. Statusrapport pr. november 2014
- 21. Invitasjon til konferanse 20.11.14 i Sandnes - Forum for kontrollutvalg i Rogaland
- 22. K-styrevedtak sak 60/14 – revisjonsavtalen - bruk av opsjon
- 23. K-styrevedtak sak 61/14 – rapport «Sjølvcost»
- 24. Representantskapsmøte 25.11.14, kl. 15.00 – HIM IKS

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.14:

Utvalssekretær gjorde greie for referatsakene. Ingen merknader.

Elisebeth Aasheim og Ståle Tungesvik deltek på konferansen i Sandnes. Påmeldingsfristen vart satt til tysdag 11.11.14 for andre som vil delta.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.14:

Referatsakene 20 - 24 vert tatt til orientering.

SAK 22/14 ORIENTERING OM EINGANE – «SKULESEKTOREN»

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar rådmannen sin presentasjon om «skulesektoren» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.14:

Rektor ved Skånevik skule og ass. rektor ved Enge skule orienterte om skulane sine tiltak mot mobbing. Rådmannen og pedagogisk rådgjevar supplerte undervegs.

Utgangspunktet for alle tiltak var Opplæringslova § 9 a – om retten til et godt opplæringsmiljø. Utvalet fekk opplyst at skulane har handlingsplan mot mobbing. Dei har trivselsprogram og trivselsreglar, vaktordningar i friminutta, MOT-prosjekt og tett samarbeid med mellom anna helsesøster. Elevsamtalar og elevundersøkingar blei tatt på alvor og fylgt opp. Det blei gjort fleire enkeltvedtak no enn før (Enge skule) i mobbesaker. Dette innebar mellom anna at hendingar måtte skildrast og tiltak settast i verk.

Skulane hadde også fokus på digital mobbing. Skånevik skule var frå hausten 2014 ein mobilfri skule. Enge hadde eigne mobilreglar som fungerte tilfredsstillande.

Enge skule hadde ansvar for opplæringa av flyktningar, og hadde ein spesiell fokus på deira skulekvardag.

Rådmannen refererte ei høysterettsdom om erstatning i ei mobbesak. Kommunen hadde tidlegare motteke eit krav om erstatning i ei slik sak. Han peika på at det er viktig med god dokumentasjon i saker som handlar om mobbing og tiltak.

Medlemmene hadde nokre spørsmål undervegs.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.14:

Etne kontrollutval tar rådmannen sin presentasjon om «skulesektoren» til orientering.

SAK 23/14 ORIENTERING OM FRAMLEGGET TIL BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015-2018

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 og økonomiplan 2015-2018 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.14:

Rådmannen, supplert av leiar økonomi, gjorde greie for framlegget til budsjett for 2015 og økonomiplanen. Han gjorde greie for den vidare handsaminga av framlegget, som skal enda opp med at kommunestyret gjer sitt vedtak 16. desember.

Rådmannen gjorde greie folketalsutvikling, dei frie inntektene og store inntektspostar, ulike satsingsområde, investeringar, lånegjeld, nivåa på kommunale gebyr og prisen på kommunale tenester. Kommunen har stram økonomi og han gjorde greie for dei ulike alternativa til sparepakkar. Det var utarbeidd eit framlegg til innsparingar for kvar eining. Han peika på at det også var fleire satsingsområde i budsjettet, og at dei folkevalde måtte gjere vanskelege prioriteringar. Medlemmene hadde nokre spørsmål undervegs, som rådmannen svara på.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.14:

Etne kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 og økonomiplan 2015-2018 til orientering.

SAK 24/14 OPPFØLGING AV RAPPORT «MÅLSTYRING»

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Etne tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten «Målstyring» til orientering.

Melding om oppfølging sendes kommunestyret til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.14:

Rådmannen orienterte kort om saka og viste til sitt brev. Medlemmene drøfta svaret frå rådmannen, og var samde om at svaret viste at rådmannen hadde fylgt opp tilrådingane i rapporten på ein tilfredsstillande måte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.14:

Kontrollutvalet i Etne tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten «Målstyring» til orientering.

Melding om oppfølging sendes kommunestyret til orientering.

SAK 25/14 REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET – ENDRING VEDK. KAP. 8 OM HØYRING

Sekretariatet si innstilling:

Etne kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Etne kontrollutval som følge av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiinga av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.14:

Utvalssekretær gjorde greie for dei viktigaste endringane. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.14 og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Etne kontrollutval som følge av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiinga av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

SAK 26/14 VAL AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT 2015

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.14:

Medlemmene drøfta ulike framlegg til prosjekt som kunne vera aktuelle no. Leiar meinte det ikkje var noko prosjekt som utmerka seg. Han gjorde framlegg om at utvalet skulle vente med å velje nytt prosjekt til neste møte. I mellomtida ville han undersøkje/snakke med aktuelle personar for å få innspel til kva for eit prosjekt som ville vera best/gjere mest nytte å få undersøkt no. Ved votering fekk leiar sitt framlegg 3 røyster. E. Aasheim ynskte å ta ei avgjersle i møtet, og røysta imot ei utsetjing.

Vedtak i kontrollutvalet 10.11.14:

Etne kontrollutval vedtek å utsetja val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt til neste møte 09.02.15.

SAK 27/14 MØTEPLAN 2015

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2015:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Måndag 9. februar	Kl. 13.00	
Måndag 11. mai	Kl. 13.00	
Måndag 21. september	Kl. 13.00	
Måndag 23. november	Kl. 13.00	Nytt utval

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.14:

Utvallssekretær gjorde greie for framlegget til møteplan. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.14:

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2015:

<i>MØTE</i>	<i>TIDSPUNKT</i>	<i>MERKNADER</i>
<i>Måndag 9. februar</i>	<i>Kl. 13.00</i>	
<i>Måndag 11. mai</i>	<i>Kl. 13.00</i>	
<i>Måndag 21. september</i>	<i>Kl. 13.00</i>	
<i>Måndag 23. november</i>	<i>Kl. 13.00</i>	<i>Nytt utval</i>

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: 09.02.15, kl. 13.00

Etne/Aksdal, 10.11.14

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvallssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	09.02.15	02/15
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.02.15**Saksvedlegg:**

1. Statusrapport pr. februar 2015
2. Rapport frå haustkonferansen i Sandnes - munnleg
3. Rapport frå NKRF-konferansen, munnleg v/sekretær
4. K-styrevedtak 16.12.14, sak 68/14 – Reglement for kontrollutvalet
5. K-styrevedtak 16.12.14, sak 67/14 – Taksthefte 2015
6. Årsrapport 2014 - skatteoppkrevjaren i Etne kommune
7. Skatterekneskapen 2014
8. eINFO 15/1 – Redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale
9. Nytt på nett, NKRF – Kontrollutvalgene fyller sine funksjoner på en god måte

Saksorientering:

Sakene blir lagd fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 1 - 9 vert tatt til orientering.

Aksdal, 02.02.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt februar 2015 – Kontrollutvalet i Etne

Saker fra bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Nytt prosjekt i 2015				Hausten 2015	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
VA-området – Sjølvkost	22.01.14	22.09.14	KST 28.10.14	Mai 2015	185 timar
Selskapskontroller					
Andre saker					

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgd opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon	26.06.12	26.11.12	KST 26.02.13		
Øyane Asvo AS	26.11.12	13.05.13	KST 18.06.13	KU/ KST 10.02.14/ 25.02.14	
Målstyring	13.05.13	18.11.13	KST 25.02.14	10.11.14	
Selskapskontroller					
HIM IKS- oppfølging av kontroll i 2011		15.09.11		26.11.12	Brev frå styret
Plan for selskapskontroll 2012-2016		01.10.12	KST 30.10.12		
Andre saker					

FORUM FOR KONTROLLUTVALG I ROGALAND

Høstkonferansen 2014

Quality Hotel Residence, Sandnes

20. november 2014

Tema for årets konferanse er **ERFARINGSUTVEKSLING**. Forum for kontrollutvalg i Rogaland har som formål å være en arena for utveksling av erfaringer. Hva kan vi lære av hverandre? Vi har invitert noen kontrollutvalgsledere til å dele sine erfaringer med oss. Det er satt av tid til kommentarer og meningsutveksling til de tre første innleggene.

PROGRAM

- | | |
|-------|---|
| 10:00 | Velkommen
<i>Ivar Finnesand – leder av arbeidsutvalget</i> |
| 10:05 | Granskning av Uni-K AS
<i>Torleif Lothe, Leder av kontrollutvalget i Haugesund kommune</i> |
| 10:45 | Pause |
| 11:00 | Utfordrende saker for kontrollutvalgene
<i>Steinar Torgersen, Leder av kontrollutvalget i Stavanger kommune</i> |
| 11:45 | Lunsj |
| 12:45 | Årsmøte 2014 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland |
| 13:00 | Hvordan gjøre kontrollutvalgets arbeid givende og spennende
<i>Trond Roy Pedersen, leder av kontrollutvalget i Time kommune</i> |
| 13:45 | Pause |
| 14:00 | Medieblikk
<i>Ståle Frafjord, Journalist</i> |
| 14:45 | Avslutning |

Vel hjem!

Onsdag 4. februar

Møteleder: Daglig leder Ole Kristian Rogndokken, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

Registrering og kaffe/rundstykke / utstilling

VEDLEGG SAK 2/15, pkt. 3

Velkommen

- Møteleder Ole Kristian Rogndokken, daglig leder, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

Åpning

- Riksrevisor Per-Kristian Foss

Kommunelovutvalget – statusrapport

- Utvalgsmedlem Nina Neset, daglig leder, Romerike Revisjon IKS

Lunsj / utstilling

Kommunereform – ekspertutvalgets sluttrapport

- Ekspertutvalgets leder Signy Irene Vabo, professor, Høgskolen i Oslo og Akershus

Pause / utstilling

Kommentarer til ekspertutvalgets rapport

- Dr. polit. Jan Erling Klausen, forsker, Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR)
- Professor Nils Aarsæther, UiT Norges arktiske universitet

Pause / utstilling

Samspillet mellom fylkesmannens tilsyn og kontrollutvalgets tilsynsaktivitet

- Fylkesmann Sigbjørn Johnsen, Fylkesmannen i Hedmark

Pause / utstilling

Null CTRL: Så lett går det galt!

I en prisbelønt artikkelserie har Dagbladets reportere avdekket hvordan sviktende datasikkerhet rammer oss hjemme, på jobb og i det offentlige rom.

- Reportasjeleder Espen Sandli, Dagbladet

Middag

- på vakt for fellesskapets verdier

Torsdag 5. februar

Møteleder: Møteleder Sverre Bugge Midthjell, leder, NKRFs selskapskontroll- og kontrollutvalgskomite og rådgiver, KonSek Midt-Norge IKS

Velkommen

- Møteleder Sverre Bugge Midthjell, leder, NKRFs selskapskontroll- og kontrollutvalgskomite og rådgiver, KonSek Midt-Norge IKS

KMDs evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariater

- Director Birte Bjørkelo, Deloitte AS

Pause / utsjekking / utstilling

Paneldebatt om resultatene fra KMDs evaluering

Panel:

- Roar Thun (Ap), kontrollutvalgsleder, Ski kommune og styreleder i Follo interkommunale kontrollutvalgssekretariat (FIKS)
- Torgun M. Bakken, daglig leder, Glåmdal sekretariat IKS
- Orrvar Dalby, daglig leder, Vestfold Interkommunale Kontrollutvalgssekretariat (VIKS)

Lunsj / utstilling

Hvor redde er vi for korrupsjon?

- Partner Nigel Krishna Iyer, The Septia Group

Iyer er en innovativ, praktiserende lærer og dramatiker med over 20 års erfaring med å etterforske, oppdage og forebygge misligheter og korrupsjon. Les artikkelen "Hvem frykter for at de Røde Flagg etter misligheter og korrupsjon blir avdekket?"

Pause / utstilling

Grå økonomi

Aftenposten setter i en serie reportasjer søkelyset på kobling mellom hvit og svart økonomi. Norske skattekroner sluses inn i prosjekter der underleverandører driver svart og svindler med moms, skatt og avgifter.




- Journalist Siri Gedde-Dahl, Kapital (tidl. Aftenposten)

Kåseri

- Nyhetsredaktør Ole Petter Pedersen, Kommunal Rapport

Avslutning

- Styreleder Per Olav Nilsen, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)



- på vakt for fellesskapets verdier

Etne kommune
SAKSUTGREIING

VEDLEGG SAK 7/15, pkt 4

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Kommunestyre	16.12.2014	068/14	EWB

Sakshandsamar: Eva Wiik Hustoft	Arkiv: N-	Arkivsaknr: 2014001458
------------------------------------	-----------	---------------------------

**REGLEMENTET FOR KONTROLLUTVALET - ENDRING VDK. KAP. 8 OM
HØYRING**

Vedlegg i saka:

Kontrollutvalssak 025/14
Framlegg til nytt reglement for Etne kontrollutval
Gjeldande reglement for etne kontrollutval, vedteke 2011
Rettleiar for høyring – Forum for kontroll og tilsyn

Utrykte saksdokument:

Ingen

Saksgang:

Kommunestyret

Utskrift til:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Endring av reglement for kontrollutvalet kap. 8 om høyring

TILRÅDING FRÅ KONTROLLUTVALET TIL ETNE KOMMUNESTYRE:

Etne kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Etne kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiing av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra med vedlagt reglement.

16.12.2014 KOMMUNESTYRE

K-068/14 VEDTAK: (samrøystes)

Etne kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Etne kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiing av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra med vedlagt reglement.

29.12.14
ETNE KOMMUNE
Rett utskrift
Eva Wik Huseft

Etne kommune
SAKSUTGREIING

VEDLEGG SAK 2/15, pkt 5

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Formannskap	18.11.2014	087/14	VBA
Kommunestyre	16.12.2014	067/14	VBA

Sakshandsamar: Vegard Bang	Arkiv: N-113	Arkivsaknr: 2014001372
-------------------------------	--------------	---------------------------

TAKSTHEFTE 2015

Vedlegg i saka:

Taksthefte for Etne kommune 2015
Sjølvkostutrekning vatn, avlaup, slam og feiing

Utrykte saksdokument:

Saksgang:

Formannskap
Kommunestyre

Utskrift til:

Einingane
KPMG
Kontrollutvalet

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Fastsetting av takstar for kommunale varer og tenester i Etne kommune for 2015.

2. Bakgrunn for saka:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak i saka Budsjett 2015- og økonomiplan 15-18 baserer seg m.a. på den årlege gjennomgangen av kommunale takstar.

3. Problemstilling:

Aktuelt lovverk m.m., forslag til statsbudsjettet, sjølvkostutrekningar og prisnivå i nabokommunar er sentralt i arbeidet med nye takstar.

I Statsbudsjettet er det lagt til grunn ein deflator (prisindikator) på 3,0 % der 3,3 % er pårekna lønsvekst (utgjer om lag 2/3 av indikatoren).

4. Vurdering:

I utgangspunktet legg rådmannen opp til ein prisauke på dei ulike varer og tenester i tråd med ovannemnde indikator på 3,0 %. Av ulike årsaker inneber takstframlegget likevel fleire avvik frå ei slik generell endring:

- Barnehagesatsar - heiltidsplass har sentr. fastsett makspris - deltidsplass 10,2 % gjennomsnittsauke, ref. høgare kostnadsnivå. Matpengar får 17,7 % auke, der me nå har rekna med relevante kostnader ut over sjølve matkjøpet.
- Skulefritidsordn. - først generell prisauke - så ny prismodell etter sjølvkost og pris i nabokommunar gjeldande frå skulestart neste skuleår.
- Vaksenopplæring - innspel frå skulen på at auken vert lagt berre på dagtilbodet
- Leige skulebygg - generell prisauke, altså 3,0 %
- Symjehallen - generell prisauke
- Kulturskulen - generell prisauke
- Helse og omsorg - i hovudsak sentralt fastsette prisar, elles mindre justeringar. Likevel ei ny teneste det vert teke bet. for - bet. for einskildturar innan helse og sosial
- Komm. bustad - just. for endr. i konsumprisindeksen 15.09.2013-15.09.2014 = 2,08 % auke
- Vatn - sjølvkost, sjå vedlegg
- Avlaup - sjølvkost
- Renovasjon - sjølvkost etter forslag frå HIM - medfører even. lik sats i alle HIM-kommunane slik HIM sine forskrifter har satt som mål.
- Feiing, branntilsyn - sjølvkost - auken skuldast først og fremst at Etne sine egne kostnader med å følgja opp den interkommunale tenesta er rekna med
- PBL o.a. lover - 5,0 % auke der prisane lovleg kan endrast - kan forsvarast ved pris-samanlikning med andre og kva det kostar å utføra tenestene
- Kopiering - generell prisauke, likevel minst 1 kr
- Fakturagebyr - for å motivera til bruk av automatiserte tenester, ved heimel i lov/forskrift og etter nødvendig endring i dei respektive vedtekter/leigeavtalar, vert innført fakturagebyr. Likevel ikkje der innkrevjingskostnader inngår i sjølvkost (vatn, avlaup, slam, renovasjon, feiing), og i barnehage der

fakturagebyr ikkje kan leggst til makspris (teoretisk kan kommunen innføra gebyr også her innafor makspris).
Forseinka betaling - tek i bruk retten til å krevja forseinkingsrenter, den maksimale - vidare vert gebyra ved forseinka betaling så høge som me har lov til.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Takstar for kommunale varer og tenester i 2015 vert vedtekne slik dei ligg føre i vedlagt Taksthefte 2015 - Etne kommune.

18.11.2014 FORMANNSKAP

**F-087/14 TILRÅDING FRÅ ETNE FORMANNSKAP TIL ETNE KOMMUNESTYRE:
(samrøystes)**

Takstar for kommunale varer og tenester i 2015 vert vedtekne slik dei ligg føre i vedlagt Taksthefte 2015 - Etne kommune.

16.12.2014 KOMMUNESTYRE


K-067/14 VEDTAK: (samrøystes)

Takstar for kommunale varer og tenester i 2015 vert vedtekne slik dei ligg føre i vedlagt Taksthefte 2015 - Etne kommune.

29.12.14

ETNE KOMMUNE
Rett utskrift

Eva Ulrik Hustoft



Årsrapport for 2014

Skatteoppkrevjaren i Etne kommune

Innhold

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret.....	3
1.1.1 Ressurser.....	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressursar og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll	4
1.3Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret.....	5
1.4 Skatteutvalg	5
2. Skatteregnskapet.....	5
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....	5
2.2 Margin	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2013	5
2.2.2 Margin for inntektsåret 2014	5
2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen.....	6
3. Innfordring av krav	6
3.1 Restanseutviklingen.....	6
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	6
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser	6
3.1.3 Restanser eldre år	7
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år	7
3.2 Innfordringens effektivitet.....	7
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2014.....	7
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat	8
3.2.3 Omtale av spesielle forhold	8
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen	8
3.3 Særnamskompetanse.....	8
4. Arbeidsgiverkontroll.....	8
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller.....	8
4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen	9
4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	9
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak.....	9

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

1.1 Skatteoppkreverkontoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkreverkontoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret	0,7	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap		15 %
Innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift		40 %
Arbeidsgiverkontroll		20 %
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer		15 %
Skatteutvalg		%
Administrasjon		10 %
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjaren i Etne er ei sjølvstendig stilling som faglig ligg under rådmannen. Organisasjonsmessig ligg den i økonomiavdelinga og personalansvaret ligg hos økonomisjefen.

Denne organiseringa har vore frå 1. januar i 2011.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Frå og med 1 januar 2013 har tidlegare konsulent skatt overtatt som skatteoppkrevjar. Ho som tidlegare var skatteoppkrevjar har jobba som sakshandsamar skatt i 33% stilling ut året. Pr. 1. januar 2014 er det kun skatteoppkrevjaren som jobbar med alle oppgåvene.

Skatteoppkrevjar har vore med på nokre av arbeidsgjevarkontrollene som me har kjøpt hjå Hordaland kommunale regnskapskontroll.

For å hjelpe skatteoppkrevjaren med å attestere og godkjenne utbetalningar, er det 3 personar som er autorisert til dette. I skatteoppkrevjaren sitt fråvær kan 2 personar utføre enkle oppgåver som for eksempel utskrift av skatteattester, reskontrooversikt og noko informasjon. En egen oppskrift er laget til dette formålet. Ved ferier og anna fråvær er me litt meir sårbare enn før. Løsningen på sikt kan være et samarbeid med nabokommunen Vindafjord; men dette er ikkje klarlagt ennå. I forbindelse med at skatteoppkrevjaren var sjukemeldt i 4 uker fekk me hjelp av den pensjonerte sakshandsamaren (tidlegare skatteoppkrevjar). Dette gjaldt og i ferien. Hun var innom kontoret nokre dager i uken for å ta seg av dei viktigste oppgåvene.

1.2 Internkontroll

- 1.2.1 Rutinebeskrivelsen for kontoret er på plass. Den vil bli gått gjennom og ajourholdt vidare.
- 1.2.2 Ved utbetaling i bank er det alltid to som godkjenner. Ved anvisning og godkjenning i Sofie når utbetalinga er over kr 50.000,- er me og to personar

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

Årsrekneskap for Etne kommune for regnskapsåret 2014.

Avlagt etter kontantprinsippet.

	2014	2013
Likvider	30 724 190	30 908 336
Skyldig skattekreditorene	-1 564 280	-2 080 496
Skyldig andre	-5 114	-110 695
Innestående margin	-29 154 793	-28 717 142
Udisponert resultat	-3	-3
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-64 491 666	-61 560 449
Personlige skatteyttere	-303 772 380	-307 015 469
Selskapsskatt	-17 778 962	-16 591 092
Renter	193 591	-268 580
Innfordring	13 512	39 996
Sum	-385 835 905	-385 395 594
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	64 491 666	61 560 449
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	88 363 042	82 778 102
Fordelt til Fylkeskommunen	19 453 393	20 015 653
Fordelt til kommunen	90 137 338	92 650 233
Fordelt til Staten	123 391 659	128 396 600
Krav som er ufordelt	0	0
Videresending plassering mellom kommuner	-1 193	-5 443
Sum	385 835 905	385 395 594
Sum totalt	0	0

Denne rapporten viser at den totale skatteinngangen har hatt ein liten auke på 0,12 % frå 2013 til 2014. I forrige år hadde me ein auke på 6,51 %.

Skatteinngangen frå personlege skattyterar har hatt ein nedgong på 1,06%, arbeidsgjevaravgift har auka med 4,77%; mens selskapsskatten har auka med 7,16%.

1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Fordelt til kommunen i 2014 er kr 90 137 338 mot tilsvarende i 2013, kr 92 650 233. Dette er en reduksjon av kommunen sin andel på kr 2 512 895 (2,72 %.) i forhold til året før.

Kommunen sin andel av den totale skatteinngangen er 23,36 % i 2014; i 2013 var andelen 24,04%.. Fordelt beløp til Staten i 2014 hatt en nedgang på kr. 5 004 941 som er 3,90%.

1.4 Skatteutvalg

Det er ikke kommet inn saker som skal oversendast skatteutvalet i 2014.

2. Skatteregnskapet

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkrevjaren i Etne kommune bekrefter at skatteregnskapet for 2014 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjere § 3-1.

Årsrekneskapet for 2014 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2013

Innestående margin for inntektsåret 2013, pr. 31.10.2014 kr 0

For lite avsatt margin for inntektsåret 2013 kr 6 397 484

Marginprosent

Prosentprosent marginavsetning: 10 %. Gyldig fra: 01.05.1997

2.2.2 Margin for inntektsåret 2014

Marginavsetning for inntektsåret 2014, pr. 31.12. 2014 kr 29 154 793

Gjeldende prosentprosent marginavsetning: 10 % Gyldig fra: 01.05.1997

2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen

Etne kommune hadde eit underskot på marginen for 2013 på kr 6 397 484. Tilsvarende tall for 2012 var eit underskot på kr. 1 771 157. Me kan då sjå at underskotet har auka med kr 4 626 327. Kommunestyret har ikkje vedtatt noen endring i prosentsatsen for marginavsetning i løpet av året.

3. Innfordring av krav

3.1 Restanseutviklingen

3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2014	Herav berostilt restanse 31.12.2014	Restanse 31.12.2013	Herav berostilt restanse 31.12.2013	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	9 553 089	68 304	9 233 324	68 304	+319 765	0
Arbeidsgiveravgift	356 517	0	318 149	0	+38 368	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	236 172	0	218 358	0	+17 814	0
Forskuddsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskuddsskatt person	2 626 551	0	3 128 150	0	-501 599	0
Forskuddstrekk	431 248	0	14 043	0	+417 205	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	66 415	1 470	64 824	1 470	+1 591	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	204 014	0	600	0	+203 414	0
Restskatt person	5 632 172	66 834	5 489 200	66 834	+142 972	0
Sum restanse diverse krav						
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	9 553 089	68 304	9 233 324	68 304	+319 765	0

3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Totale restanser har hatt ei auke på kr. 319 765 i forhold til 2013. Berostilte krav er uendra.

Restanse på arbeidsgjevaravgift har auka med kr. 38 368 i forhold til 2013. Denne restansen gjeld 3 stk. arbeidsgjevarar og gjeld år 2014. Restanse på forskuddstrekk har auka med 417 205 i forhold til 2013. Mykje av restansane frå arbeidsgjevarane blir innbetalt i løpet av februar 2015.

Forskuddsskatt person har framleis ein stor restanse; men den har minka med kr 501 599 i forhold til 2013

Av restansen på kr. 2 626 551 er kr. 1 721 810 forskuddsskatt som er utskrevet i tidlegare år, frå 2000 til 2013 og gjeld 8 skatteytarar. Mesteparten av denne restansen er urealistisk å få innkrevd.

Restskatt person har ei auke på kr 142 972 i forhold til 2012.

Av den totale restansen på restskatt person kr. 5 632 172 gjeld ca. 62% (ca. kr. 3 545 000) berre 3 skatteytarar og dei eldste går tilbake til 1999. Her er innkrevjinga urealistisk.

Det har vore nedsetjing av pensjonsgivande inntekt på tilsaman kr. 85 597 det siste året; gjelder avskrivning på forfalte beløp restskatt, person, for år – 2009.

Sum utlikna skatt person var i 2013 på kr. 301 271 975

Sum utlikna skatt person var i 2012 på kr. 285 017 635

Det gjev ei auke på utlika skatt på kr. 16 254 340 som er 5,7%

Arbeidsgjevaravgiften var i 2014 på kr. 64 491 666 som er ei auke på kr. 2 931 217 (4,77%)

3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2012	514 211	278 191
2011	559 400	246 641
2010	336 643	35 555
2009 – 1988	4 754 184	-----

3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Den totale restansen for eldre år frå 2012 til 1988 er blitt redusert med kr. 918 366 som er 12,97% nedgong frå siste året.

Eldre restanser med vesentleg størrelse, vert alltid sikra med utpanting. I tillegg vert dei følgde opp med innkreving. Dialogen med skatteytarane er svært god.

Me legg inn påleggstrekk der det er muleg og elles prøver me å få til nedbetalingsavtalar.

Korleis utviklinga på dei ulike år har vore frå 2011 til 2012 er vanskeleg å sei på grunn av at det er kjørt rettingar på eldre år. Me sliter med gamle restanser og som nevnt under punkt 3.1.2 er det urealistisk å få disse kravene innkrevd.

Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2014: 2

Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2014: Kr 290 312

Gjelder restskatt, person 2010

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav"

dato t.o.m. 31.12.2014. Det er ikkje utført noen ny aktivitet før 31.12.2014 på disse kravene som nevnt ovanfor.

Me anser desse kravene som urealistisk å krevje inn.

3.2 Innfordringens effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2014

Resultat ser svært bra ut. Sjå utdrag av rapportering til skattekontoret pr. 31.12.14 nedanfor:

Innbetalt av sum krav siste år	Resultat pr. 31.12.14	Resultat krav	Differanse
Restskatt person innt.år 2012	97,3%	97,0 %	+0,3 %
Forskuddstrekk innt.år 2013	100,0 %	100 %	0%
Forsk.skatt pers.skatteytare 2013	98,9%	99,0 %	-0,1 %
Forsk.skatt upers.skatteytare 2013	100,0 %	99,9 %	+0,1 %
Restskatt for upers.skatteytare 2012	100,0 %	99,5 %	+0,5 %
Arb.gj.avgift 2013	100,0 %	99,9 %	+0,1 %
Innfordret restskatt, pers. av sum krav til innfordring innt.år 2012	73,3 %	67,0 %	+6,3 %

3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

Me tar våre utleggsforretningar sjølve med vår særnamskompetanse. Me ser gode resultater på innkrevjinga og alle nye krav blir følgde tett opp. I 2014 hadde vi i alt 15 utleggsforretninger. Eldre krav blir også fulgt opp og vi tar ut lister som blir gjennomgått. Vi søker etter arbeidsgjevarar og tar kontakt med Nav om muligheter for om nokon har utbetalingar frå dei.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Det har ikkje vært mange store endringssaker som har hatt innvirkning på resultatet i 2014

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Frå 1. januar 2013 er det ny skatteoppkrevjar. Han har jobba som konsulent på skatt sida juni 2009 i tillegg til andre oppgåver i økonomiavdelinga. Tidlegere skatteoppkrevjar har jobba i redusert stilling (33%). I 2014 er skatteoppkrevjaren aleine om oppgåvene. Dette vil ikkje gå utover innkrevjinga då andre oppgåver i økonomiavdelinga blir redusert. Den nye skatteoppkrevjaren er opptatt av god struktur og planlegging som bidrar til gode resultat.

3.3 Særnamskompetanse

Sjå punkt 3.2.2

4. Arbeidsgiverkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen

Samarbeidet med Hordaland Kommunale regnskapskontroll blei vidareført med same ressurs som i 2013. I tillegg brukar me egne ressursar frå kontoret til kontrollar.

Det er sjøvsagt mindre tid til å ta egne kontroller da ein er aleine om alle oppgåvene ved kontoret

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontroller for 2014: 9

Som utgjør: 5 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller 2014: 6

Som utgjør: 3,3 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Det var varslet 4 stk. egne kontroller i midten av desember 2013. Disse kontrollene ble overført til 2014; men dessverre ble bare 1 foretatt. Resten blir overført til 2015.

Antall gjennomførte kontroller i 2013: 5

4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen

Det er ikkje avdekka noko kritikkverdige forhold.

4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen

Hordaland Kommunale regnskapskontroll har gjennomført 5 kontroller for oss og det er blitt brukt 103 kontrolltimer. Pr. 31.12.2014 har me ein saldo på 92 timer som kan brukast til nye kontroller i 2015. Vi har en dårlig måloppnåelse i 2014 da 3 av egne kontroller blir overført til 2015. Det har dessverre ikkje vært kapasitet til å takle dette i 2014; vi får håpe at det går bedre i 2015.


4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Skatteoppkrevjaren i Etne har ikkje deltatt i fellesaksjonar i 2014. Det har heller ikkje vore henvendelser frå skattekontoret ang. utvelgelse av objekt eller anna som gjeld kontrollar.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Det har ikkje vore gjennomført spesielle informasjonsvedtak på arbeidsgjevarkontrollen i vår kommune. Arbeidsgjevarar, nye og gamle som henvender seg til vårt kontor, får veiledninga som dei har bruk for. Kan me ikkje svara, vert dei henviste til rett kontor.

Sted/dato: Etne 23.01.2015


ETNE KOMMUNE
Skatteoppkrevjaren
Skatteoppkrevjarens signatur


Vedlegg: Årsregnskapet for 2014 - signert av skatteoppkreveren.

VEDLEGG SAK 2/15, pkt. 7

Årsrekneskap for Etne kommune for rekneskapsåret 2014.
Avlagt etter kontantprinsippet.

		2014	2013
	Likvider	30 724 190	30 908 336
	Skyldig skattekreditorene	-1 564 280	-2 080 496
	Skyldig andre	-5 114	-110 695
	Innestående margin	-29 154 793	-28 717 142
	Udisponert resultat	-3	-3
Sum		0	0
	Arbeidsgiveravgift	-64 491 666	-61 560 449
	Personlige skatteyttere	-303 772 380	-307 015 469
	Selskapsskatt	-17 778 962	-16 591 092
	Renter	193 591	-268 580
	Innfordring	13 512	39 996
Sum		-385 835 905	-385 395 594
	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	64 491 666	61 560 449
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	88 363 042	82 778 102
	Fordelt til Fylkeskommunen	19 453 393	20 015 653
	Fordelt til kommunen	90 137 338	92 650 233
	Fordelt til Staten	123 391 659	128 396 600
	Krav som er ufordelt	0	0
	Videresending plassering mellom kommuner	-1 193	-5 443
Sum		385 835 905	385 395 594
Sum totalt		0	0

Etne, 23.01.2015


ETNE KOMMUNE
 Skatteoppkrevjaren
 Thorbjørn Jacobsen
 Skatteoppkrevjar

Forklaring til årsregnskapet


Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrasket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.



eINFO 15/1 – Redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale

Oppbevaringstiden for regnskapsmateriale er fra 2015 redusert til 5 år. Det er gjort noen unntak, herunder dokumentasjon av kjøp av kapitalvarer i form av fast eiendom.

Oppbevaringstiden for primærdokumentasjon i henhold til bokføringsloven § 13 ble ved lovendring i desember 2013 redusert fra 10 år til 5 år. Imidlertid slik at lovendringen hittil kun har vært gjeldende for årsregnskapet, årsberetning, revisjonsberetning og nummererte brev fra revisor.

Finansdepartementet fastsatte 22. desember 2014 endringer i bokføringsforskriften og enkelte andre forskrifter for å tilpasse disse til redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale etter bokføringsloven. Forskriftsendringene gjelder fra 1. januar 2015. Videre er det også gjort endringer i merverdiavgiftsforskriften som reduserer oppbevaringskravet for dokumentasjon for justeringsrett og -plikt til 5 år etter utgangen av justeringsperioden.

Etter forskriftsendringene er det altså 5 års oppbevaringstid også for spesifikasjoner av pliktig regnskapsrapportering, dokumentasjon av bokførte opplysninger, dokumentasjon av balansen mv.

Det er imidlertid gjort noen unntak:

- Dokumentasjon av kjøp av kapitalvarer som nevnt i merverdiavgiftsloven § 9-1 (2) pkt. b, dvs. fast eiendom, skal oppbevares i ti år etter regnskapsårets slutt, jf. bokføringsforskriften § 7-3 nytt fjerde ledd.
- Prosjektregnskap i bygge- og anleggsbransjen samt dokumentasjon av bokførte opplysninger som inngår i prosjektregnskapet, byggekontrakter mv. jf. bokføringsforskriften § 8-1-5.
- Utenlandske foretak som driver virksomhet på norsk sokkel, skal fortsatt oppbevare dokumentasjon som nevnt i bokføringsforskriften § 8-8-4 i ti år.
- Bokføringspliktige som driver petroleumsutvinning og rørledningstransport skal fortsatt oppbevare oppbevaringspliktig regnskapsmateriale etter bokføringsloven § 13 i femten år etter utløpet av vedkommende inntektsår, jf. bokføringsforskriften § 8-9-4.
- Banker og finansieringsforetak skal fortsatt oppbevare kunde- og leverandørspesifikasjon som nevnt i bokføringsforskriften § 8-13-3 i ti år. Det samme gjelder dokumentasjon for bokførte opplysninger som inngår i slike spesifikasjoner, jf. § 8-13-4.

Nærmere om oppbevaringskrav knyttet til justering av merverdiavgift

I kommunal sektor er det først og fremst unntaket for dokumentasjon av kjøp av kapitalvarer i form av fast eiendom som er aktuelt. Unntaket vil gjelde all dokumentasjon for kostnader forbundet med ny, på- eller ombygging av fast eiendom der inngående merverdiavgift utgjør minst kr 100 000. Slik dokumentasjon skal altså oppbevares i 10 år

Norges Kommunerevisorforbund
– på vakt for fellesskapets verdier

Postadresse:
Postboks 1417 Vika
0115 OSLO

Besøksadresse:
Munkedamsveien 3B, 3. etg.

Telefon: 23 23 97 00
E-post: post@nkrf.no
Web: www.nkrf.no

Org.nr.: 975 450 694
Kontonr.: 1450.12.70424

etter regnskapsårets slutt. Dvs. at kjøpsdokumentasjonen skal oppbevares i hele justeringsperioden. I tillegg skal altså dokumentasjon som følger av merverdiavgiftsforskriften § 9-1-2, § 9-1-3, § 9-3-3 og § 9-3-5 (justeringsdokumentasjonen) oppbevares i 5 år etter utløpet av justeringsperioden.

Oppsummert blir dermed oppbevaringskravene knyttet til justeringsreglene slik:

- Kjøpsdokumentasjon for kapitalvarer i form av fast eiendom oppbevares i hele justeringsperioden, dvs. 10 år
- Kjøpsdokumentasjon for andre kapitalvarer oppbevares i hele justeringsperioden, dvs. 5 år
- Justeringsdokumentasjonen oppbevares i hele justeringsperioden og ytterligere 5 år.

Det er i forskriftsendringene ikke nevnt noe om forholdet til justeringsreglene lov om merverdiavgiftskompensasjon. Det antas at henvisningen i kompensasjonsforskriften § 6 til justeringsreglene for merverdiavgiftsforskriften innebærer at tilsvarende oppbevaringskrav vil gjelde også for kapitalvarer etter kompensasjonsloven § 16.

Pålegg om lengre oppbevaringstid i forbindelse med kontroll

Fra 1. januar 2015 trer også ligningsloven ny § 6-7a, merverdiavgiftsloven ny § 16-8a og skattebetalingsloven ny § 5-13c i kraft. Etter disse bestemmelsene kan skattekontoret i forbindelse med kontroll pålegge bokføringspliktige å oppbevare regnskapsmateriale etter bokføringsloven § 13 første ledd nr. 1 til 4 i mer enn fem år etter regnskapsårets slutt. Pålegg om lengre oppbevaringstid kan gis både etter at kontroll er iverksatt og før iverksettelse når en kontroll er nær forestående.

Lillehammer, 12. januar 2015

Knut Erik Lie
Seniorrådgiver

VEDLEGG SAK 2/15-pls.9


Kontrollutvalgene fyller sin funksjon på en god måte

Kontrollutvalgene har en vesentlig betydning for egenkontrollen, sekretariatene bistår utvalgene på en god måte og forvaltningsrevisjon og selskapskontroll har en vesentlig innvirkning på læring og forbedring i kommunene.

Kontrollutvalgene fyller sin funksjon på en god måte

09.01.2015

Kontrollutvalgene har en vesentlig betydning for egenkontrollen, sekretariatene bistår utvalgene på en god måte og forvaltningsrevisjon og selskapskontroll har en vesentlig innvirkning på læring og forbedring i kommunene.



Deloitte har på oppdrag fra KMD evaluert kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat i kommunene. Siktet med evalueringen er å styrke kunnskapsgrunnlaget om sentrale deler av den kommunale egenkontrollen.

Rapporten er oversendt til Kommunelovutvalget, og den skal danne grunnlag for lovutvalgets vurderinger av egenkontrollen og videre utvikling av egenkontrollregelverket.

Kontrollutvalg

Evalueringen viser at kontrollutvalgene i stor grad består av politikere med lang erfaring. Flertallet av kontrollutvalgsledere har lengre kommunestyreerfaring enn en gjennomsnittlig kommunestyrepolitiker. 43 prosent av utvalgsmedlemmene har blitt gjenvalgt fra forrige periode. Dette er om lag samme gjenvalgsprosent som til kommunestyret og formannskapet.

Det er mest vanlig å ha fem medlemmer i kontrollutvalget. Det er en sammenheng mellom kommunestørrelse og antall medlemmer, og over halvparten av de små kommunene har tre medlemmer i utvalget. Lederen kommer som regel fra «opposisjonen».

Sekretariatene opplyser at medlemmene vurderer deltakelse i utvalget som mer attraktivt når politikerne først får førstehåndserfaring med hva deltakelse i utvalget innebærer.

Sekretariatene

I 2014 er det 58 kontrollutvalgssekretariat, som i gjennomsnitt har ansvar for 7,2 kontrollutvalg hver. Rundt halvparten av sekretariatene består av én ansatt. Ti sekretariatvirksomheter har ansvar for 15 kontrollutvalg eller mer, og til sammen betjener disse sekretariatene 43 prosent av kontrollutvalgene. Drøyt 81 prosent av kontrollutvalgene har sekretariat organisert som et interkommunalt selskap eller samarbeid.

Nesten samtlige kontrollutvalgsledere er helt eller ganske enig i at deres kontrollutvalg har et sekretariat som bistår utvalget på en god måte.

Nesten samtlige kontrollutvalgsledere (94 prosent) er helt eller ganske enig i at deres kontrollutvalg har et sekretariat som bistår utvalget på en god måte. Langs andre parameter knyttet til kvalitet og kompetanse synes et stort flertall av kontrollutvalgslederne å være fornøyd. Evalueringen viser store forskjeller i hvor mye tid sekretariatene benytter på å bistå kontrollutvalget og hvilke oppgaver som utføres. Det er en større andel av sekretariatene som oppgir at utvalgets engasjement er avgjørende for tidsbruken, enn de som oppgir budsjett og kommunestørrelse.

Planlegging av kontrollarbeidet

Den overordnede analysen er sentral både for valg av prosjekt og ellers i den kommunale egenkontrollen. Nesten alle kontrollutvalgene har en plan for forvaltningsrevisjon, og et klart flertall har det også for selskapskontroll. Disse planene er i de aller fleste kommuner tuftet på en overordnet analyse av risikoforhold i vedkommende kommune. Rundt halvparten av kontrollutvalgene oppdaterer analysen og planene for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll underveis i valgperioden. Et klart flertall av lederne opplever at analysen gir tilstrekkelig informasjon til å velge ut og prioritere forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller.

Et klart flertall av lederne opplever at analysen gir tilstrekkelig informasjon til å velge ut og prioritere forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller.

Gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

I rapporten anslås det at det har vært en vekst i antall forvaltningsrevisjons- og selskapskontrollprosjekter. Når det gjelder selskapskontroll anslås det at det ble gjennomført 225 kontroller eller rundt 0,5 kontroller i gjennomsnitt per kommune i 2013. Tilsvarende tall for forvaltningsrevisjon i 2013 anslås til hhv. 750 prosjekter og 1,7 prosjekter i gjennomsnitt per kommune. Videre anslås et «normalt» forvaltningsrevisjonsprosjekt til å utgjøre i underkant av 300 timer.

Evalueringen viser at kontrollutvalgsledere, kontrollutvalgssekretærer og rådmenn i all hovedsak mener at arbeidet som kontrollutvalget gjør med hensyn til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er godt – dels uavhengig av omfang og innhold i det faktiske kontrollarbeidet. Videre viser evalueringen at arbeidet til kontrollutvalget har en vesentlig betydning for kommunens egenkontroll, og for kontroll av og læring og forbedring i forvaltningen.

... arbeidet til kontrollutvalget har en vesentlig betydning for kommunens egenkontroll, og for kontroll av og læring og forbedring i forvaltningen.

Faktorene flest kontrollutvalgsledere mener er viktig for å få gjennomført forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller, er revisors kompetanse og revisors gjennomføringsevne.

Oppfølging og effekt av kontrollarbeidet

Revisjonens anbefalinger blir i stor grad vedtatt av kontrollutvalget, og kontrollutvalgene får i all hovedsak gjennomslag for sin innstilling i kommunestyret. Videre viser evalueringen at anbefalingene i stor grad blir gjennomført av forvaltningen, og fulgt opp av kontrollutvalget. Forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller har dermed en vesentlig innvirkning på forbedringsarbeidet i forvaltningen. Selv om endringsprosesser kan startes kun ved å «sette fokus på ting», viser evalueringen at en rekke trekk ved revisjonsprosessen kan være med på å påvirke læringseffekten positivt. Involvering av administrasjonen i overordnet analyse, god kompetanse hos revisjonen, og relevante prosjekter med høy kvalitet er alle faktorer som synes å bidra til økt læringseffekt av forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller.

Forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller har dermed en vesentlig innvirkning på forbedringsarbeidet i forvaltningen.

I rapporten understrekes det at gjennomføring av forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller har en effekt uavhengig av rådmannens «opplevelse av læring», ved at de er med på å opplyse de folkevalgte i kommunestyret om hvordan forvaltningen utfører oppgavene sine.

Høringer

Evalueringen viser at høringer i regi av kontrollutvalget per i dag er et relativt marginalt fenomen, selv når det legges til grunn en «vid» definisjon. Det er videre klart at flere mener at høring som kontrollform har et svært begrenset anvendelsesområde. Det går også frem at det varierer hva man legger i begrepet «høring».

Videre er det en relativt lav andel av kontrollutvalgene som har utarbeidet reglement for høringer, og det går tydelige fram at de faktiske erfaringene med høringer er varierende. Det som det derimot synes å være stor enighet om, er behovet for nasjonale regler og retningslinjer for høringer, dersom dette er en kontrollform de kommunale kontrollutvalgene skal kunne benytte.

På NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2015 vil Deloitte foreta en nærmere presentasjon av evalueringsrapporten. Presentasjonen vil bli fulgt opp av en paneldebatt.

Relaterte dokumenter:

- Rapporten «Evaluerer Kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat» (Desember 2014) »



Legg til en kommentar ...

☒ Publisér på Facebook også

Publisér som Toril Hallsjø ▾

Kommenter

Sosial tilleggsfunksjon for Facebook

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	09.02.15	03/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2014

Saksvedlegg: framlegg til årsmelding for kontrollutvalet 2014

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2014 følger vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligere årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2014 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2014.

OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2014 frå kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 02.02.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2014



KONTROLLUTVALET I
ETNE KOMMUNE

INNLEIING

Kapittel 12 i kommunelova omtalar internt tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal føra det løypande tilsyn (§ 77). Kontrollutvalet er altså eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal «kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret».

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljas mellom representantane i kommunestyret. Etter valet i 2011 blei talet på medlem i utvalet auka til 5.

For perioden 2011-2015 har Etne kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Leiar	Ståle Tungesvik
Nestleiar	Lars Ebne
Medlem	Trude Enge
Medlem	Elisebeth Aasheim
Medlem	Ivan Kaldheim

Varamedlem:

- 1. Nils Ramsvik**
- 2. Nina Kaltwasser**
- 3. Kirsten H. Andreassen**

Liv Ellen Ebne gjekk ut av utvalet hausten 2012, ho sat også i kommunestyret. Utvalet har difor ikkje lengre ein fast representant som sit i kommunestyret.

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama. Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har ikkje vore til stades på nokon av utvalet sine møte i 2014. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han har møtt på tre av møta.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2014

Kontrollutvalet har i 2014 hatt 4 møte fordelt på to om våren og to om hausten.

Utvalet har hatt 27 saker til handsaming, kor 7 saker blei sendt til kommunestyret. 24 saker har blitt lagt fram til orientering. Oversyn over sakene og orienteringssakene følger som vedlegg.

Møta i kontrollutvalet vart haldne for lukka dører fram til 01.07.13. Frå denne dato vart loven endra slik at møta til alle kontrollutval blir no haldne for opne dører. (Kommunelova § 77).

Ståle Tungesvik deltok på haustkonferansen til Forum for kontrollutvalg i Rogaland, den 20. november 2014 i Sandnes. Det var ingen frå utvalet som deltok på NKRF sin årskonferanse i februar eller på FKT sin konferanse i juni.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 12. mai 2014, sak 08/13 kommunen sin årsrekneskap for 2013 til handsaming. I kontrollutvalet sin uttale til kommunerekneskapen blei det ikkje tatt atterhald eller presisering. Utvalet gav slik uttale:

Etne kommune sin årsrekneskap for 2013 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 3,6 millionar kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med rundt 9,6 million kroner.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2013 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.13.

Kontrollutvalet i Etne har ingen merknader til Etne kommune sin rekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjersbrev og revisjonsmeldinga.

Utvalet har fått Årsmelding og skatteregnskap frå Skatteoppkrevjaren i Etne til orientering.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og vedteke av kommunestyret på nyåret 2013.

Utvalet handsama på møte 22.09.14 rapport frå forvaltningsrevisjon av «Sjølvkost» utarbeida av KPMG AS. I rapporten kom revisjonen med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

1. *Vi tilrår at kommunen innfører eit overslag over kostnader for 3-5 år, slik at dette samsvarer med krav i forskrift. Kommunen har gått til innkjøp av eit rekneark som ein kan nytte for å lage prognosar for fleire år framover, og vi tilrår at kommunen nyttar seg av denne moglegheita, ev. finn andre måtar å løyse det på.*
2. *Vidare vil vi tilrå kommunen å vurdere om praksis knytt til utrekning av gebyr gir eit tilstrekkeleg samsvar mellom forbruk og betaling for den einskilde brukar. Dette kan til dømes takast inn som særskilt problemstilling i pågåande arbeidsgruppe som skal vurdere behov for endringar i lokal gebyrforskrift.*
3. *Vi tilrår og at kommunen vurderer behovet for å utarbeide eksplisitte retningslinjer for utrekning av gebyr, som er tilpassa kommunen, og som vert nytta som eit tillegg til reknearket og sentrale retningslinjer.*
4. *Kommunen bør etter vår vurdering utarbeide meir langsiktige vurderingar av behov for investeringar og vedlikehald innanfor avløp, slik ein har gjort for vatn. Slike utgreiingar er nyttige grunnlagsmateriale i arbeidet med å prognosar/overslag over kostnader i 3-5 års perspektiv, jf. det fyrste punktet.*
5. *Vår siste tilråding er at kommunen ser til at overskot på sjølvkostfond vert nytta innan ein 3-5 års periode. Kommunen sine inntekter skal over tid ikkje overstige dei reelle kostnadene ved tenesta, og kommunen har for tida eit sjølvkostfond på avløp som har stege over fleire år.*

Rapporten blei handsama av kommunestyret 28.10.14.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar. Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei vedteken av kommunestyret 30.10.12.

Utvalet har i samarbeid med kontrollutvalet i Vindafjord gjort ein selskapskontroll av Øyane Asvo. Kontrollen blei utført av KPMG AS og rapporten blei handsama på møte 13.05.13. Revisjonen gjorde ein del funn og gav fleire anbefalingar. Kommunestyret handsama rapporten på møte 18.06.13 og fylgde kontrollutvalet sine tilrådingar. Rapporten blei fylgt opp av utvalet på møte 10.02.14, sak 05/14 og av kommunestyret 25.02.14.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret vedtok å inngå avtale med KPMG AS som revisor i 2012. Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til og forlengje avtalen med 1 år. Utvalet handsama sak med framlegg om bruk av opsjon på møte 22.09.14, sak 15/14. Utvalet gjorde følgjande vedtak og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlengje avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Etne kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

Kommunestyret handsama saken på møte 28.10.14, sak 60/14 og gjorde likelydande vedtak som kontrollutvalet.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Willy Hauge med kontor på Stord. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og ein eller fleire revisorar har møtt på alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker, og framlegget til budsjett og økonomiplan.

Utvalet gjorde følgjande vedtak på møte 10.02.14, i sak Eventuelt:

Utvalet var samd om at dei ville ha ei orientering frå administrasjonen som eit fast punkt på kvart møte i 2014. Dette både for å kunne følgje betre med på alt som rører seg i kommunen, samt ei von om auka medverknad frå medlemmene i utvalet. Forebels framlegg til plan:

12.05.14 – teknisk, spesielt om vedlikehald

22.09.14 – skulesektoren, med vekt på mobbetiltak

10.11.14 – helsesektoren

Rådmannen med einingsleiar eller andre leiarar i kommunen har delteke på møta og orientert utvalet om deira eining og det arbeidet som blir utført.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2014

TENESTE 1100	REGNSKAP 2013	BUDSJETT 2014 (utvalet)	REKNESKAP 2014
Godtgjersle og driftsutgifter	57 670	85 722	80 740
Revisjonstenester	372 871	376 000	369 469
Sekretariatstenester	141 000	147 000	147 000
Sum utgifter (eks.mva.)	571 541	608 722	597 209

Kontrollutvalet handsama hausten 2014 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2015. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 622 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2014, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Selskapet har i 2014 vedtatt ny styreinstruks, etiske retningslinjer og overordna strategiplan.

Fast utvalgssekretær har vært Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagt ut.

Frå Etne kommune er Ståle Tungesvik vald til representantskapet i IKS'et med Liv Ellen Ebne som varamedlem. Det var ingen frå Etne som var til stades på representantskapsmøtet 28.04.14.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2014 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram ein rapport. Administrasjonen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året. Dei inviterte einingane har gitt ei grundig orientering til utvalet om deira arbeid.

Etne, 9. februar 2015

Elisebeth Aasheim

Ståle Tungesvik
Leiar

Lars Ebne

Trude Enge

Ivan Kaldheim

VEDLEGG

OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/14 Godkjenning av protokoll frå møte 18.11.13
- 02/14 Referat- og orienteringssaker 10.02.14
- 03/14 Årsmelding for kontrollutvalet 2013
- 04/14 Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt «VA-området»
- 05/14 Oppfølging av rapport om Øyane ASVO

- 06/14 Godkjenning av protokoll frå møte 10.02.14
- 07/14 Referat- og orienteringssaker 12.05.14
- 08/14 Etne kommune sin årsrekneskap for 2013 – kontrollutvalet sin uttale
- 09/14 Orientering om einingane – drift og vedlikehald

- 10/14 Godkjenning av protokoll frå møte 12.05.14
- 11/14 Referat- og orienteringssaker 22.09.14
- 12/14 Orientering om einingane – «helsesektoren»
- 13/14 Revisor si egenerklæring
- 14/14 Plan for rekneskapsrevisjon 2014
- 15/14 Revisjonsavtalen – bruk av opsjon til 30.06.16
- 16/14 Reglement for kontrollutvalet – endring vedk. kap. 8 om høyring
- 17/14 Budsjett for kontroll og tilsyn 2015
- 18/14 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Sjølvkost»
- 19/14 Oppfølging av årsoppgjersbrev for rekneskapen 2013

- 20/14 Godkjenning av protokoll frå møte 22.09.14
- 21/14 Referat- og orienteringssaker 10.11.14
- 22/14 Orientering om einingane – «Skulesektoren»
- 23/14 Orientering om framlegget til budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018
- 24/14 Oppfølging av rapport om «Målstyring»
- 25/14 Reglement for kontrollutvalet – endring vedk. kap. 8 om høyring
- 26/14 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt 2015
- 27/14 Møteplan for kontrollutvalet 2015

Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. februar 2014
2. Rapport frå haustkonferansen i Sandnes - munnleg
3. Rapport frå NKRF-konferansen, munnleg v/sekretær
4. Årsrapport 2013 - skatteoppkrevjaren i Etne kommune
5. Skatterekneskapen 2013
6. Ethiske retningslinjer – Etne kommune
7. Møtet er satt! – handbok i møteleiing frå KS (eige hefte)

7. Statusrapport pr. mai 2014
8. Kom.styrevedtak 25.02.14, sak 01 – Forvaltn. rapport – Målstyring
9. Kom.styrevedtak 25.02.14, sak 06 – Oppfølging av rapport – Øyane ASVO
10. Kontrollrapport 2013 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen – frå Skatteetaten
11. Representantskapsmøte – 04.04.14 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland
12. Representantskapsmøte – 20.05.14 - Interkommunalt arkiv Hordaland
13. Representantskapsmøte – 25.04.14 – Haugaland Vekst IKS
14. Representantskapsmøte – 28.04.14 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat
15. Representantskapsmøte – 21.05.14 - HIM IKS
16. Representantskapsmøte – 28.05.14 – Krisesenter Vest IKS

17. Statusrapport pr. september 2014
18. Protokoll frå representantskapsmøte – Krisesenter Vest IKS
19. KS – lokale og regionale prosesser vedk. kommunereforma

20. Statusrapport pr. november 2014
21. Invitasjon til konferanse 20.11.14 i Sandnes - Forum for kontrollutvalg i Rogaland
22. K-styrevedtak sak 60/14 – revisjonsavtalen - bruk av opsjon
23. K-styrevedtak sak 61/14 – rapport «Sjølvkost»
24. Representantskapsmøte 25.11.14, kl. 15.00 –

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	10.11.14	26/14
Kontrollutvalet	09.02.15	04/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

VAL AV FORVALTNINGREVISJONSPROSJEKT I 2015

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør på dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å gjennomføre i 2015, slik at revisor sitt utkast til mandat av prosjektet kan handsamast på neste møte.

Saksorientering:

Nytt prosjekt for forvaltningsrevisjon kan bestillast med bakgrunn i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan for perioden 2012-2015 blei vedteken av kontrollutvalet hausten 2012. Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i planen:

- IKT
- Strategi, målstyring og internkontroll
- Trafikksikring rundt skulane
- Investeringar
- Planarbeid

Prosjektet «Strategi, målstyring og internkontroll» er ferdig utarbeidd og blei handsama hausten 2013. Utvalet valde for 2014 prosjektet «Sjølvkost». Dette prosjektet er også ferdig og vart handsama på utvalet sitt møte i september og i kommunestyret i oktober 2014.

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt. Kva som er vesentleg kan ha endra seg noko sidan planen vart laga.

Framlegg til prosjektmandat vil bli handsama på neste møte, då endeleg bestilling kan gjerast.

Konkrete prosjekter kan veljast ut frå:

- opplysningar kome fram under regnskapsrevisjon,
- saker som har vore handsama i kommunestyre og kontrollutval,
- administrasjonens uttalte ønskjer og behov,
- erfaringar frå tilsvarande forvaltningsrevisjonsprosjekt hos andre oppdragsgivarar,
- forhold som har vært framme i media, nasjonalt eller lokalt,
- tilsyn utført av fylkesmannen eller anna tilsynsorgan.

Oppslag rundt om i landet om mislighald og ikkje etisk framferd har ført til at mange kontrollutval har ønska å sette søkelys på korleis kommunen arbeider med dette, både generelt og innan meir spesifikke tema. Det blir derfor gjennomført prosjekter innan blant anna:

- etikk og risikostyring - retningslinjer og oppfølging
- innkjøp

Vidare er mange utval merksame når det gjeld tenestetilbodet til spesielt utsette grupper i kommunane. Det gjennomførast prosjekter innan bl.a.:

- barnevern,
- avlastning,
- rusvern,
- spesialundervisning.

Det kan settast søkelys på korleis kommunen møter sine innbyggjarar, og korleis brukarane sjølv opplever tilbodet. Normalt er brukarperspektivet inkludert i alle analyser, men det kan nemnes noen typiske eksemplar som:

- kvalitet i skulesektoren,
- innspel frå innbyggjarane,
- kvalitet og produktivitet i byggesaker,
- utbyggingsområde,
- sjølvkost.

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt. Kva som er vesentleg kan ha endra seg noko sidan planen vart laga.

Handsaming i møtet 10.11.14:


Utvalet handsama same sak på møtet den 10.11.14, sak 26/14 og gjorde følgjande vedtak:

Etne kontrollutval vedtek å utsetja val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt til neste møte 09.02.15.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til neste møte.

Aksdal, 02.02.15



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær